



Sogn og Fjordane  
krets av NSF



ALLTID BEREDT

# STYREMØTE

## Byrkjelo, 20. november 2010

### Saksliste:

1. Strategisk plan
2. Referat frå Speidartinget
3. Speiding 100 år i Noreg
4. Økonomi
5. Arrangementsplan 2011
6. Kretsleir 2011
7. England
8. Eventuelt

### Referat:

**Til stades:** Niels, Wenche, Eirik, og Daniel.

Sak 1      **Strategisk plan for NSF og leiarmøte**

I kjølvatnet av Speidartinget og vedtak om delmål for den strategiske planen til Norges speiderforbund, må det også sjåast på tiltak på krets- og gruppeplan for å nå dei måla som er sette for 2016. Kretsstyret ynskjer difor å invitere minst to leiarar frå kvar gruppe til møte 22. januar, der strategisk plan vil vere ei av sakene. Eigen invitasjon kjem seinare, med strategisk plan som vedlegg.

Sak 2      **Referat frå Speidartinget**

Niels og Eirik fortalde om dei viktigaste sakene frå Speidartinget i Lyngdal i Sørlandet krets, som var helga 29.–31. oktober.

Vi viser elles til *Speideren* nr. 4, 2010, der saker og vedtak er skildra meir utførleg, eventuelt

### Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)

Speiding.no -> Organisasjon -> Speidertinget -> Protokoller, der protokollen snart vil dukke opp.

Sak 3

### **Speiding 100 år i Noreg**

I regi av Speidernes fellesorganisasjon er det for 2011 lagt opp til eit jubileum for at speidinga i Noreg fyller 100 år. Opplegget omfattar mellom anna eit jubileumshefte og -merke, at NM i speiding vert utvida med éin dag (i pinsa) og at det vert oppmoda om lokale feiringar.

Kretsstyret føreslår å arrangere bursdagsfest siste dagen på kretsleiren, kanskje med offisiell utdeling av jubileumsmerke.

Sak 4

### **Økonomi**

Ikkje alle pengar som skal kome inn, kjem inn, så gruppene må vere flinkare til å følgje opp rekningsbetaling, og kretsstyret skal sjekke alle utsende rekningar mot kretskontoen før årsslutt.

Vi vil vurdere å sende rekningar på papir til gruppeleiar, i tillegg til på e-post.

Sak 5

### **Arrangementsplan 2011**

Det vart utarbeidd framlegg til arrangementsplan for 2011 som er vedlagd dette referatet.

Kretsstyret ynskjer at dei som har tilbakemeldingar/framlegg til planen sender dette så raskt som mogleg. Håpet er, som i fjor at arrangementsplanen skal vere meir av ei formell sak til vedtak på årsmøtet neste år, fordi ein må ha noko å planleggje utifrå så fort som mogleg. Vi vil jobbe for å få detaljar som manglar på plass så fort som mogleg.

Sak 6

### **Kretsleir 2011**

Det vart gjort slike vedtak om kretsleiren i 2011 på møtet:  
*Kretsleiren 2011 vert lagt til Fossøy i Jostedalen.*

*Dato for leiren vert 18.–25. juni 2011 (med eit ørlite atterhald når det gjeld å få snakka med grunneigarane).*

*Prisen på leiren vert kr 1500,-*

*(Vi kan halde prisen på leiren nesten som sist, ettersom vi nesten ikkje har transportkostnader denne gongen.)*

## **Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund**

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)

Sak 7

### **Englandstur i 2012?**

Eirik har foreslått at kretsen arrangerer ein tur til England i 2012 som mellom anna inneheld besøk i Gilwell Park og på Brownsea Island, primært for dei eldste speidarane i troppsalder.

Kostnader, interesse og moglegheiter vil verte utgreidd utover våren, og viss dette vert aktuelt, vil vi starte «reklamen» på kretsleiren.

Sak 8

### **Eventuelt**

Innkomen post: Brev frå Inge Byrkjeland  
Kretsleiar vil lage forslag til svar på dette, som vert sendt til dei andre styremedlemmene for gjennomlesing/  
kommentarar, før det vert sendt til Inge og i kopi til generalsekretær Karen Johanne Strømstad.

Æreskniven

Thorleif Jakobsen vart tildelt æreskniven.

Referent:

Eirik Ulltang Birkeland

**Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund**

Postadresse: Dalavegen 11, 6885 Årdalstangen

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)

Member of the World Organization of the Scout Movement (WOSM) and the World Association of Girl Guides and Girl Scouts (WAGGGS).